



NYTT
FRÅ

INSTITUTT FOR INFORMATIKK



Nr. 9 2. MARS 2007

Innhold

Hauser på plass
Coward has slutta
Mellombels tilsett i ekspedisjonen
Søklarar til stillingar
Orienteringsmøte om 7RP
Instituttseminar 8 februar
Utgifter for disputasar
Frå møtet i universitetsstyret
VERDIKT

Helwig Hauser på plass



Helwig Hauser,
ny professor i visualisering tok til i stillinga 1. mars.
Han kjem frå Austerrike:
<http://www.vrvis.at/via/staff/hauser/>

Eivind Coward sluttar



Eivind Coward hadde siste arbeidsdagen sin hjå oss 28. februar.
Han vart tilsett som førsteamanuensis i bioinformatikk 1. januar
2002 og har gjort ein viktig innsats i oppbygginga av
bioinformatikk ved instituttet. Han har og vore verneombod,
instituttrepresentant i skolelaboratoriet og medlem av styret for
NIK.
Han går over i ein forskarstilling i firmaet EMGS
<http://www.emgs.no/> i Trondheim.
Vi takkar for innsatsen hjå oss og ynskjer han lukke til i ny jobb.

Mellombels tilsett i ekspedisjonen



Marta Maria Lopez er tilsett på arbeidsmarknadstiltak og vil arbeida i ekspedisjonen hjå oss inntil vidare.

Søklarar til stillingar

Til stillinga i **bioinformatikk** (professor/førsteamanuensis) er det 12 søklarar, ei kvinne og 11 menn. Av søklarane er det 3 norske, 3 svenske, 2 frå Tyskland, 2 frå UK og 2 frå USA.

Som komité til å vurdera søklarane har instituttet føreslått:

Liisa Holm	http://ekhidna.biocenter.helsinki.fi/groupmembers/liisa
David Gilbert	http://www.brc.dcs.gla.ac.uk/~drg/
Esko Ukkonen	http://www.cs.helsinki.fi/u/ukkonen/

Til stillinga som **førstesekretær** er det 40 søklarar, 36 kvinner og 4 menn.

Lokal komité vil bli sett ned.

Orienteringsmøte om EU sitt sjuande rammeprogram 7.3

7. mars, kl. 14:00-15:30, i rom 3137 forteller Forskningsavdelingen v/Simone Heinz om

- FP7 Struktur og Funding Schemes
- IKT-programmet og andre FP7-programmer der IKT spiller en viktig rolle
- Jeg er interessert i å utvikle prosjekt i FP7 - hvordan kommer i gang?
- Hvilken hjelp kan Forskningsavdelingen tilby i søknadsprosessen?

Det blir tid til spørsmål og diskusjon.

Velkommen!

Instituttseminar 8.3

Førelisar på instituttseminaret 8.3 kl. 14:15 er Petter Ole Jakobsen frå Vizrt.

<http://www.vizrt.com/>

Utgifter til disputas (utfyllande opplysningar og reglar)

Fakultetet har til no dekkja både honorar (p.t. 19.313) og reis/oppald for opponentane ved disputasar (dersom tredje medlem i komiteen kjem utanfrå kjem det honorar 6.099 + reis/oppald i tillegg). I fylgje tal frå fakultetet var utgiftene for dei 77 disputasane i 2006 i medel om lag 30.000. For 2007 har dei delt ut 2.5000.000 til 87 forventa disputasar og instituttet fekk 240.000 av dette. Reknar vi med 30.000 for kvar disputas vil dette rekkja til 8 disputasar som er om lag det vi ventar i 2007. I nokre tilfelle vil rettleiarar gjerne velja løysingar som blir dyrare, t.d. med fleire opponentar langvegs frå. For å laga eit enkelt system som samstundes kan inspirera til å velja rimelege løysingar, vil instituttet leggja inn litt ekstra midlar og samstundes sjå dei totale utgiftene (inkludert premiemidlar) i samanheng. Etter standardreglane for disputasar skal minst to komitemedlemer koma utanfrå (utanfor UiB) og minst ein frå utlandet. I samsvar med dette innfører vi fylgjande retningslinjer for disputasar og allokering av midlar:

- Komiteane skal ha 3 medlemmer, to opponentar (begge frå andre universitet og minst ein frå utlandet) og eit internt medlem.
- Samansetjinga av komiteen skal godkjennast av instituttleiar før medlemene blir spurt.
- Det blir sett av eit fast beløp pr. disputas (for 2007 blir dette 45.000) som skal dekkja utgiftene til honorar, reiser og oppald for opponentane og premiemidlar.
- Premiemidlane blir stilt til disposisjon straks alle utgiftene i samband med disputasen er betalt (dvs. når det er klart kor stor premiedelen blir). For disputasar i haustsemesteret, vil premiemidlane kunna overførast til året etter.

Frå møtet i universitetsstyret

Universitetsstyret hadde møte 15.2. Saklista finn du her:

<http://www.uib.no/ust/dokumenter/saklister/2007/>

Det var fleire saker som bør ha interesse, m.a.

3. Planer for 2007

9. Utvikling av nye maler for årlege planar og rapportering for forskning – forskingsmeldingar

11. Kvalitetsreformen under lupen – oppfølging

15. Handlingsplan for betre kjønnsbalanse ved UiB 2007-2009

VERDIKT

Programmet VERDIKT i NFR har utlysing av fleire tiltak med søknadsfristar 18. og 26. april. Sjå:

<http://www.forskningsradet.no/servlet/Satellite?c=MidlerParent&cid=1114506644055&erAktiv=false&p=1138650416196&pagename=ForskingsradetNorsk%2FPage%2FStandardSidemal>

Vi blir sterkt oppmoda om å søkja, og eg ber alle vurderer dette.